



Statens vegvesen

Adressater

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Marthe Øvrevik / 48133573 16/37211-14 24.01.2017

Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram – Detaljreguleringsplan fv. 44 Braut–Re.

Statens vegvesen og Rogaland fylkeskommune skal i samarbeid med Klepp og Time kommune i gang med å lage ein detaljreguleringsplan med konsekvensutgreiing for fv. 44 frå Braut i Klepp kommune til Re i Time kommune. Vi ber med dette om innspel til arbeidet. Dette varselet er sendt ut i samsvar med plan- og bygningslova § 12–8. Planen blir utarbeidd etter § 3–7. Samtidig med varslinga leggjest framlegg til planprogram ut til høyring og offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 12–9, i perioden 27. januar 2017 til 10. mars 2017.

Planprogrammet skal klargjere føremålet med planen og føresetnadar vidare i planprosessen. Det er utarbeida og lagt ved ein forprosjektrapport der ulike løysingar er presentert og gjennomgått. Forprosjektet inneheld framlegg til tilrådde løysingar. Desse er vidareført i planprogrammet, og skal brukast som premiss vidare i planarbeidet. Vi ber difor særskilt om innspel på tilrådd løysning i planprogrammet. Når det gjeld kva for ei side utviding av vegen skal gjerast ved Bryne sentrum, gjer vi særskilt merksam på at det finnes to løysingar – austover og vestover.

Planprogrammet er tilgjengeleg som papirkopi på Klepp rådhus i ekspedisjonen til lokal utvikling i 2. etasje, og på servicetorget på Time rådhus. Det er tilgjengelig digitalt på nettsida til Statens vegvesen <http://www.vegvesen.no/Fylkesveg/fv44brautre>, og på heimesida til kommunane.

Innanfor varslingsområdet vil det bli føretatt synfaringar, grunnundersøkingar, registreringer, oppmåling og anna.

Vi ber grunneigarar om å informere eventuelle rettskravhavarar.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Bergelandsgata 30
4012 STAVANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Beskriving av prosjektet

Fv. 44 er ein viktig hovudforbindelse mellom Klepp og Bryne, og hovudforbindelsen mellom tettstadane på Jæren og byområdet Stavanger, Sandnes og Sola.

Dagens fv. 44 på strekninga Braut – Re er omtrent 5 km lang. Det er seks rundkøyningar på strekningen, mange avkøyrslar og vegen mellom M44 og Re er ulukkesutsatt. Gang- og sykkeltilbodet varierer mellom gang- og sykkelveg og fortau, og kryssar fv. 44 fleire stader, både i plan og planskilt. Strekningen har ein trafikk som varierer mellom ca. 13000 – 19000 køyretøy per døger. Det er utfordringar knyta til trafikkavvikling på strekningen, særleg i området ved Bryne sentrum og ved Kåsen.

Fv. 44 frå Braut til Re går igjennom eit viktig landbruksområde på Jæren, og delar av vegen ligg langs område innanfor langsiktige grenser for landbruk.

Det overordna målet med planen er betre trafikktryggleik og trafikkavvikling på fv. 44 frå Braut i nord til Re i sør. Dette inneberer å etablere eit heilskapleg og attraktivt sykkel- og gangvegsystem, planskilte kryssingar av fv. 44, og breiddeutviding av fv44 med blant anna 4-felt på delar av strekninga. Etablering av midtdelar og sanering av avkøyrslar er også del av tiltaket. Tiltaket skal ikkje føre til uønskte trafikksituasjonar i Bryne og kringliggande område, deriblant Kleppe sentrum og nordover mot Stavanger.

Prosjektet inngår som eitt av fleire mogelege vegprosjekt i «Utbyggingspakke Jæren». Dette er ei bompengepakke der det er krav om godkjende reguleringsplanar for dei største prosjekta før dei kan sendast til handsaming i Stortinget.

Varslingsområdet er større enn endeleg planområde, som vil bli avklart i løpet av prosessen. Varslingsområda tar høgde for midlertidige tiltak i anleggsperioden. I enkelte av områda tar varslinga høgde for å vurdere alternative løysingar for tilkomstvegar.

Framdrift og frist for innspel

I perioden kor planprogram ligg ute til offentleg ettersyn skal vi halde eit ope i møte i kvar kommune, samt ein felles kontordag. På ope møte presenterer vi innhaldet i planprogrammet og forprosjekt:

- Ope møte i Time kommune **den 20. februar klokka 18:00, i kommunestyresalen på rådhuset i Time.**
- Ope møte i Klepp kommune **den 21. februar klokka 18:00, på Tu skule.**
- Felles kontordag på **rådhuset i Time, møterom Fritz Røed, inngang C, den 27. februar frå 14:00 til 19:00.**

Vi ber om at dykk sender synspunkt, innspel eller andre relevante opplysningar til oss innan 10. mars 2017. Synspunkt, innspel eller andre relevante opplysningar bør strukturast slik at det tydeleg framkomme om det gjeld planprogram eller varsling oppstart planarbeid. Send det til oss skriftleg anten med vanleg post til Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6862 Leikanger eller firmapost-vest@vegvesen.no.

Når planprogrammet er fastsatt vert det laga forslag til reguleringsplan. Denne vil bli lagt ut på høyring og offentlig ettersyn, og det blir opne møte og kontordag. Målet er at dette skjer i første halvår 2018.

Vedlagt er oversiktstkart med varslingsområde i Klepp og Time kommune.

Ta gjerne kontakt

Dersom de har spørsmål om planarbeidet, kan de kontakte følgende personer:

Statens vegvesen: Bjørn Åmdal på telefon 950 33 506 eller e-post bjorn.amdal@vegvesen.no, eller Marthe Øvrevik på telefon 48133573 eller e-post marthe.ovrevik@vegvesen.no.

Klepp kommune: Peter Willmann på telefon 51 42 98 00 eller e-post peter.willmann@klepp.kommune.no.

Time kommune: Wibecke Natås 51 77 60 00 på telefon eller e-post Wibecke.Natas@time.kommune.no.

Region vest
Med helsing

Irene Hegre
Seksjonsleiar Plan og forvaltning

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Vedlegg: 1